

Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11513 - 20/74823

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
23.11.2020

Manglar knytt til ansvarsrettar og gjennomføringsplan - gbnr 349/1 lo

Syner til tidlegare korrespondanse i saka og dykkar e-post av 19.dm.

Ved gjennomgang av historikken kjem det fram i e-post frå tidlegare ansvarleg søkjar, Gamle3Hus, datert 30.11.2018 at Høve Bygg AS vart bytta ut med COF service som på dette tidspunktet ikkje hadde levert ansvarsrett for UTF. Vidare blir det opplyst i e-post av 9.1.2019 at det ikkje er aktivitet på byggeplassen. Ved gjennomgang av saka syner det seg at Gamle3Hus AS og Gjesdal byggteknikk trakk seg frå prosjektet 11.06.då.

Basert på den informasjonen kommunen då sit på kan det sjå ut som at ansvarsrettane knytt til SØK, PRO og KONT blei formelt avslutta 11.06.då. Det er derimot noko uklart for kommunen om det var stillstand i arbeidet fram til 11.06.då. Uavhengig av dette skisserer kommunen følgjande framgangsmåte for å komme vidare i saka;

1. Grensesnittet mellom gamle og nye ansvarsrettar må avklarast.
2. Tiltakshavar søkjar om sjølvbyggjar for den delen av tiltaket som er utført og ein ikkje klarer å innhente ansvarsrett for.
3. Det blir gjennomført uavhengig kontroll av den delen som tiltakshavar søker om ansvarsrett for.

Kommunen si førebels vurdering er basert på dokumentasjon som ligg føre, at tiltaket har hatt opphald sida 11.06.då og at løyvet ikkje fell vekk før 12.06.2022.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:

Hammar-Kameratane AS

Hella 60

5936

MANGER